15 år for adgangen til å gjøre ansvar gjeldende ved tiltale for Riksretten.

Dommere i Riksretten er 6 medlemmer valgt av Stortinget og de 5 etter embetsalder eldste, fast utnevnte medlemmer av Høyesterett, deriblant Høyesteretts justitiarius. Stortinget velger medlemmene og stedfortrederne for 6 år. Et medlem av statsrådet eller Stortinget kan ikke velges til medlem av Riksretten. I Riksretten har Høyesteretts justitiarius forsetet.

Den som har tatt sete i Riksretten som valgt av Stortinget, trer ikke ut av retten selv om den tid han eller hun er valgt for, utløper før Riksrettens behandling av saken er tilendebrakt. Heller ikke en høyesterettsdommer som er medlem av Riksretten, trer ut av retten selv om han eller hun fratrer som medlem av Høyesterett.

De nærmere forskrifter om sammensetningen av Riksretten og saksbehandlingen fastsettes ved lov.

§ 87

De alminnelige domstolene er Høyesterett, lagmannsrettene og tingrettene. De behandler og avgjør sivile saker og straffesaker.

gjere ansvar gjeldande ved tiltale for Riksretten.

Dommarar i Riksretten er 6 medlemmer valde av Stortinget og dei 5 etter embetsalder eldste fast utnemnde medlemmene av Høgsterett, mellom dei leiaren av Høgsterett. Stortinget vel medlemmene og varamedlemmer for 6 år. Ein medlem av statsrådet eller Stortinget kan ikkje veljast til medlem av Riksretten. I Riksretten har leiaren av Høgsterett forsetet.

Dei som har teke sete i Riksretten som valde av Stortinget, blir sitjande jamvel om tida dei er valde for, går ut før Riksretten har avslutta saka. Like eins blir høgsterettsdommarar sitjande i Riksretten jamvel om dei går av som medlemmer av Høgsterett.

Dei nærare reglane om samansetjinga av Riksretten og om saksbehandlinga blir fastsette i lov.

§ 87

Dei allmenne domstolane er Høgsterett, lagmannsrettane og tingrettane. Dei behandlar og avgjer sivile saker og straffesaker.

§ 88

Høyesterett dømmer i siste instans. Begrensninger i adgangen til å få Høyesteretts avgjørelse kan bestemmes ved lov.

Høyesterett skal bestå av en justitiarius og minst 4, høyst 21, andre medlemmer. Ingen kan utnevnes til medlem av Høyesterett før fylte 30 år.

Høyesteretts dommer kan ikke i noe tilfelle påankes.

§ 88

Høgsterett dømmer i siste instans. Grenser for høvet til å få Høgsteretts avgjerd kan fastsetjast i lov.

Høgsterett skal vere samansett av ein justitiarius og minst 4, høgst 21, andre medlemmer. Ingen kan utnemnast til medlem av Høgsterett før dei har fylt 30 år.

Ein høgsterettsdom kan ikkje i noko tilfelle ankast.

§ 89

I saker som reises for domstolene, har domstolene rett og plikt til å prøve om det strider mot Grunnloven å anvende en lovbestemmelse, og om det strider mot Grunnloven eller landets lover å anvende andre beslutninger truffet under utøving av offentlig myndighet.

§ 89

I saker som blir reiste for domstolane, har domstolane rett og plikt til å prøve om det strir mot Grunnlova å byggje på ei lovføresegn, og om det strir mot Grunnlova eller lovene i landet å byggje på andre avgjerder tekne med offentleg styringsmakt.

§ 90

Dommere utnevnes av Kongen etter innstilling fra et uavhengig råd. Nærmere bestemmelser om dommerutnevnelser fastsettes ved lov.

Før fylte 70 år kan dommere ikke avsettes uten etter dom og heller ikke forflyttes mot sin vilje.

§ 90

Dommarar blir utnemnde av kongen etter tilråding frå eit uavhengig råd. Nærare føresegner om dommarutnemningar blir fastsette i lov.

Før dei har fylt 70 år, kan dommarar ikkje avsetjast utan etter dom og heller ikkje overflyttast mot sin vilje.

§ 91

Statens myndigheter skal sikre en uavhengig administrasjon av domstolene.

E.

Menneskerettigheter

§ 92

Statens myndigheter skal respektere og sikre menneskerettighetene slik de er nedfelt i denne grunnlov og i for Norge bindende traktater om menneskerettigheter.

§ 93

Ethvert menneske har rett til liv. Ingen kan dømmes til døden.

Ingen må utsettes for tortur eller annen umenneskelig eller nedverdigende behandling eller straff.

Ingen skal holdes i slaveri eller tvangsarbeid.

Statens myndigheter skal beskytte retten til liv og bekjempe tortur, slaveri, tvangsarbeid og andre former for umenneskelig eller nedverdigende behandling.

§ 94

Ingen må fengsles eller berøves friheten på annen måte uten i lovbestemte tilfeller og på den måte som lovene foreskriver. Frihetsbe-

§ 91

Dei statlege styresmaktene skal sikre ein uavhengig administrasjon av domstolane.

E.

Menneskerettar

§ 92

Dei statlege styresmaktene skal respektere og tryggje menneskerettane slik dei er fastsette i denne grunnlova og i traktatar om menneskerettar som er bindande for Noreg.

§ 93

Kvart menneske har rett til liv. Ingen kan dømmast til døden.

Ingen må utsetjast for tortur eller anna umenneskeleg eller nedverdigande behandling eller straff.

Ingen skal haldast i slaveri eller tvangsarbeid.

Dei statlege styresmaktene skal verne retten til liv og stri mot tortur, slaveri, tvangsarbeid og andre former for umenneskeleg eller nedverdigande behandling.

§ 94

Ingen må fengslast eller bli fråteken fridommen på anna vis utan i dei tilfella og på den måten som lovene fastset. Fridomstapet må vere

røvelsen må være nødvendig og ikke utgjøre et uforholdsmessig inngrep.

Den pågrepne skal snarest mulig fremstilles for en domstol. Andre som er berøvet sin frihet, kan få frihetsberøvelsen prøvet for domstolene uten ugrunnet opphold.

De som uberettiget har arrestert noen eller ulovlig holdt noen fengslet, står til ansvar for vedkommende.

§ 95

Enhver har rett til å få sin sak avgjort av en uavhengig og upartisk domstol innen rimelig tid. Rettergangen skal være rettferdig og offentlig. Retten kan likevel lukke rettsmøtet dersom hensynet til partenes privatliv eller tungtveiende allmenne interesser gjør det nødvendig.

Statens myndigheter skal sikre domstolenes og dommernes uavhengighet og upartiskhet.

§ 96

Ingen kan dømmes uten etter lov eller straffes uten etter dom.

Enhver har rett til å bli ansett som uskyldig inntil skyld er bevist etter loven.

Ingen kan dømmes til å avstå fast eiendom eller samlet formue, med mindre verdiene er benyttet

naudsynt og ikkje utgjere eit mishøveleg inngrep.

Den pågripne skal snarast råd framstillast for ein domstol. Andre som er fråtekne fridommen, kan få fridomstapet prøvd for domstolane utan grunnlaus dryging.

Dei som utan rett har arrestert nokon eller halde nokon ulovleg fengsla, står til ansvar for vedkommande.

§ 95

Alle har rett til å få saka si avgjord av ein uavhengig og upartisk domstol innan rimeleg tid. Rettargangen skal vere rettvis og offentleg. Retten kan likevel stengje rettsmøtet dersom omsynet til privatlivet til partane eller tungtvegande allmenne interesser krev det.

Dei statlege styresmaktene skal sikre at domstolane og dommarane er uavhengige og upartiske.

§ 96

Ingen kan dømmast utan etter lov eller straffast utan etter dom.

Alle har rett til å bli rekna som uskuldige til skuld er prova etter lova.

Ingen kan dømmast til å avstå fast eigedom eller heile eiga si om ikkje verdiane er nytta til eller er ut-

til eller er utbytte fra en straffbar handling.

§ 97

Ingen lov må gis tilbakevirkende kraft.

§ 98

Alle er like for loven.

Intet menneske må utsettes for usaklig eller uforholdsmessig forskjellsbehandling.

§ 99

(Opphevet ved grl.best. 13. mai 2014.)

§ 100

Ytringsfrihet bør finne sted.

Ingen kan holdes rettslig ansvarlig for å ha meddelt eller mottatt opplysninger, ideer og budskap med mindre det lar seg forsvare holdt opp imot ytringsfrihetens begrunnelse i sannhetssøken, demokrati og individets frie meningsdannelse. Det rettslige ansvar bør være foreskrevet i lov.

Frimodige ytringer om statsstyret og hvilken som helst annen gjenstand er tillatt for enhver. Det kan bare settes klart definerte grenser for denne rett der særlig tungtveiende hensyn gjør det forsvarlig holdt opp imot ytringsfrihetens begrunnelser.

byte frå ei strafflagd handling.

§ 97

Inga lov må gjevast tilbakeverkande kraft.

§ 98

Alle er like for lova.

Ikkje noko menneske må utsetjast for usakleg eller mishøveleg forskjellsbehandling.

§ 99

(Oppheva ved grunnlovsvedtak 13. mai 2014.)

§ 100

Ytringsfridom skal det vere.

Ingen kan haldast rettsleg ansvarleg for å ha motteke eller komme med opplysningar, idear eller bodskapar om det ikkje lèt seg forsvare halde opp imot den grunngjevinga ytringsfridommen har i sanningssøking, demokrati og den frie meiningsdanninga til individet. Det rettslege ansvaret skal vere fastsett i lov.

Alle har rett til å ytre seg frimodig om statsstyringa og kva anna emne som helst. Det kan berre setjast slike klårt definerte grenser for denne retten der særleg tungtvegande omsyn gjer det forsvarleg

Forhåndssensur og andre forebyggende forholdsregler kan ikke benyttes med mindre det er nødvendig for å beskytte barn og unge mot skadelig påvirkning fra levende bilder. Brevsensur kan ikke settes i verk utenfor anstalter.

Enhver har rett til innsyn i statens og kommunenes dokumenter og til å følge forhandlingene i rettsmøter og folkevalgte organer. Det kan i lov fastsettes begrensninger i denne rett ut fra hensyn til personvern og av andre tungtveiende grunner.

Det påligger statens myndigheter å legge forholdene til rette for en åpen og opplyst offentlig samtale.

§ 101

Enhver har rett til å danne, slutte seg til og melde seg ut av foreninger, herunder fagforeninger og politiske partier.

Alle kan møtes i fredelige forsamlinger og demonstrasjoner.

§ 102

Enhver har rett til respekt for sitt privatliv og familieliv, sitt hjem og sin kommunikasjon. Husransakelse må ikke finne sted, unntatt i kriminelle tilfeller.

halde opp imot grunngjevingane for ytringsfridommen.

Førehandssensur og andre førebyggjande åtgjerder kan ikkje nyttast om det ikkje trengst for å verne born og unge mot skadeleg påverknad frå levande bilete. Brevsensur kan ikkje setjast i verk, så nær som i anstaltar.

Alle har rett til innsyn i dokumenta til staten og kommunane og til å følgje forhandlingane i rettsmøte og folkevalde organ. Det kan i lov setjast grenser for denne retten av omsyn til personvern og av andre tungtvegande grunnar.

Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte.

§ 101

Alle har rett til å skipe, melde seg inn i og melde seg ut av foreiningar, medrekna fagforeiningar og politiske parti.

Alle kan møtast i fredelege forsamlingar og demonstrasjonar.

§ 102

Alle har rett til respekt for privatlivet og familielivet sitt, for heimen sin og kommunikasjonen sin. Det må ikkje utførast husransakingar, så nær som i kriminelle tilfelle.

Statens myndigheter skal sikre et vern om den personlige integritet.

§ 103

(Opphevet ved grl.best. 13. mai 2014.)

§ 104

Barn har krav på respekt for sitt menneskeverd. De har rett til å bli hørt i spørsmål som gjelder dem selv, og deres mening skal tillegges vekt i overensstemmelse med deres alder og utvikling.

Ved handlinger og avgjørelser som berører barn, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.

Barn har rett til vern om sin personlige integritet. Statens myndigheter skal legge forholdene til rette for barnets utvikling, herunder sikre at barnet får den nødvendige økonomiske, sosiale og helsemessige trygghet, fortrinnsvis i egen familie.

§ 105

Fordrer statens tarv at noen må avgi sin rørlige eller urørlige eiendom til offentlig bruk, så bør han eller hun ha full erstatning av statskassen.

Dei statlege styresmaktene skal sikre eit vern om den personlege integriteten.

§ 103

(Oppheva ved grunnlovsvedtak 13. mai 2014.)

§ 104

Born har krav på respekt for menneskeverdet sitt. Dei har rett til å bli høyrde i spørsmål som gjeld dei sjølve, og det skal leggjast vekt på meininga deira i samsvar med alderen og utviklingssteget.

Ved handlingar og i avgjerder som vedkjem born, skal kva som er best for barnet, vere eit grunnleggjande omsyn.

Born har rett til vern om den personlege integriteten sin. Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for utviklinga til barnet og mellom anna sjå til at det får den økonomiske, sosiale og helsemessige tryggleiken som det treng, helst i sin eigen familie.

§ 105

Krev omsyn til samfunnet at nokon må gje frå seg sin faste eller rørlege eigedom til offentleg bruk, skal ho eller han få fullt vederlag av statskassa.

§ 106

Enhver som oppholder seg lovlig i riket, kan fritt bevege seg innenfor rikets grenser og velge sitt bosted der.

Ingen kan nektes å forlate riket med mindre det er nødvendig av hensyn til en effektiv rettsforfølgelse eller for avtjening av verneplikt. Norske statsborgere kan ikke nektes adgang til riket.

§ 106

Alle som oppheld seg lovleg i riket, kan fritt ferdast innanfor grensene og velje bustad der.

Ingen kan nektast å forlate riket om det ikkje trengst av omsyn til effektiv rettsforfølging eller fordi dei skal gjere verneplikt. Norske statsborgarar kan ikkje nektast tilgjenge til riket.

§ 107

§ 107

§ 108

Det påligger statens myndigheter å legge forholdene til rette for at det samiske folk, som urfolk, kan sikre og utvikle sitt språk, sin kultur og sitt samfunnsliv.

§ 108

Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for at det samiske folket, som urfolk, kan tryggje og utvikle språket sitt, kulturen sin og samfunnslivet sitt.

§ 109

Enhver har rett til utdannelse. Barn har rett til å motta grunnleggende opplæring. Opplæringen skal ivareta den enkeltes evner og behov og fremme respekt for demokratiet, rettsstaten og menneskerettighetene.

Statens myndigheter skal sikre adgang til videregående opplæring og like muligheter til høyere utdannelse på grunnlag av kvalifikasjoner.

§ 109

Alle har rett til utdanning. Born har rett til å ta imot grunnleggjande opplæring. Opplæringa skal utvikle evnene til kvart barn og ta omsyn til dei behova det har, og fremje respekt for demokratiet, rettsstaten og menneskerettane.

Dei statlege styresmaktene skal sikre tilgjenge til vidaregåande opplæring og likt høve til høgare utdanning på grunnlag av kvalifikasjonar.

§ 110

Statens myndigheter skal legge forholdene til rette for at ethvert arbeidsdyktig menneske kan tjene til livets opphold ved arbeid eller næring. Den som ikke selv kan sørge for sitt livsopphold, har rett til støtte fra det offentlige.

Nærmere bestemmelser om ansattes medbestemmelsesrett på sin arbeidsplass fastsettes ved lov.

§ 110

Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for at kvart arbeidsført menneske kan leve av arbeidet sitt eller næringsverksemda si. Den som ikkje sjølv kan forsyte seg, har rett til stønad frå det offentlege.

Nærare føresegner om medråderetten til dei tilsette på arbeidsplassen blir fastsette i lov.

§ 111

§ 111

§ 112

§ 112

Enhver har rett til et miljø som sikrer helsen, og til en natur der produksjonsevne og mangfold bevares. Naturens ressurser skal disponeres ut fra en langsiktig og allsidig betraktning som ivaretar denne rett også for etterslekten.

Borgerne har rett til kunnskap om naturmiljøets tilstand og om virkningene av planlagte og iverksatte inngrep i naturen, slik at de kan ivareta den rett de har etter foregående ledd.

Statens myndigheter skal iverksette tiltak som gjennomfører disse grunnsetninger.

Alle har rett til eit helsesamt miljø og ein natur der produksjonsevna og mangfaldet blir haldne ved lag. Naturressursane skal disponerast ut frå ein langsiktig og allsidig synsmåte som tryggjer denne retten òg for kommande slekter.

Borgarane har rett til kunnskap om korleis det står til med naturmiljøet, og om verknadene av planlagde og iverksette inngrep i naturen, slik at dei kan tryggje den retten dei har etter førre leddet.

Dei statlege styresmaktene skal setje i verk tiltak som gjennomfører desse grunnsetningane.

§ 113

Myndighetenes inngrep overfor den enkelte må ha grunnlag i lov.

§ 113

Styresmaktene må ha grunnlag i lov for å gripe inn overfor einskildmennesket.

F.

Alminnelige bestemmelser

§ 114

Til embeter i staten må utnevnes bare de norske borgere, menn eller kvinner, som taler landets språk, samt

a) enten er født i riket av foreldre som på det tidspunkt var norske statsborgere
b) eller er født i utlandet av norske foreldre som på den tid ikke var statsborgere i noe annet land
c) eller heretter oppholder seg i riket i ti år
d) eller blir naturalisert av Stortinget.

Dog kan andre beskikkes til lærere ved Universitetet og de lærde skoler, til leger og til konsuler på fremmede steder.

§ 115

For å sikre den internasjonale fred og sikkerhet eller fremme internasjonal rettsorden og samarbeid kan Stortinget med tre fjerdedels flertall samtykke i at en internasjonal sammenslutning som Norge er tilsluttet eller slutter seg til, på et saklig begrenset område skal ha rett til å utøve beføyelser som etter denne Grunnlov ellers tilligger statens myndigheter, dog ikke beføyelse til å forandre denne

F.

Allmenne føresegner

§ 114

Til embete i staten kan det berre utnemnast norske borgarar som talar språket i landet og

a) anten er fødde i riket av foreldre som då var norske statsborgarar,
b) eller er fødde i utlandet av norske foreldre som då ikkje var statsborgarar i noko anna land,
c) eller har opphalde seg i riket i 10 år,
d) eller får innføddsrett av Stortinget.

Andre kan likevel utnemnast til lærarar ved universitetet og dei lærde skulane, til lækjarar og til konsular på framande stader.

§ 115

For å sikre internasjonal fred og tryggleik eller fremje internasjonal rettsorden og samarbeid kan Stortinget med tre fjerdedels fleirtal gje samtykke til at ein internasjonal samskipnad som Noreg er tilslutta eller sluttar seg til, på eit sakleg avgrensa område får råderett som elles ligg hjå dei statlege styresmaktene etter denne grunnlova, men likevel ikkje rett til å endre denne grunnlova. Når Stortinget skal gje

Grunnlov. Når Stortinget skal gi sitt samtykke, bør, som ved behandling av grunnlovsforslag, minst to tredjedeler av dets medlemmer være til stede.

Bestemmelsene i denne paragraf gjelder ikke ved deltagelse i en internasjonal sammenslutning hvis beslutninger bare har rent folkerettslig virkning for Norge.

§ 116

Milde stiftelsers eiendommer skal bare anvendes til gagn for disse.

§ 117

Odels- og åsetesretten må ikke oppheves. De nærmere betingelser for hvordan den skal bestå til støtte for staten og til gagn for landallmuen, fastsettes av det første eller annet følgende storting.

§ 118

Ingen grevskaper, baronier, stamhus og fideikommisser må for ettertiden opprettes.

§ 119

Enhver statens borger er i alminnelighet like forpliktet til i en viss tid å verne om sitt fedreland, uten hensyn til fødsel eller formue.

sitt samtykke, skal minst to tredjedelar av medlemmene vere til stades, som ved behandling av grunnlovsframlegg.

Føresegnene i denne paragrafen gjeld ikkje ved deltaking i ein internasjonal samskipnad der avgjerdene berre har reint folkerettsleg verknad for Noreg.

§ 116

Eigedommane til milde stiftingar skal berre nyttast til deira eige gagn.

§ 117

Odels- og åsetesretten må ikkje opphevast. Dei nærare vilkåra for korleis han skal stå ved lag til størst mogleg nytte for staten og gagn for landallmugen, blir fastsette av det fyrste eller andre stortinget.

§ 118

Heretter kan det ikkje skipast grevskap, baroni, stamhus eller fideikommiss.

§ 119

Alle statsborgarane har i regelen den same skyldnaden til å verne fedrelandet ei viss tid, utan omsyn til fødsel eller formue.

Anvendelsen av denne grunnsetning og de begrensninger den bør ha, bestemmes ved lov.

§ 120

Det norske flaggs form og farger bestemmes ved lov.

§ 120 a

Norges Bank er landets sentralbank.

§ 121

Viser erfaring at noen del av denne kongeriket Norges Grunnlov bør forandres, skal forslag derom fremsettes på første, annet eller tredje storting etter et nytt valg og kunngjøres ved trykken. Men det tilkommer først det første, annet eller tredje storting etter neste valg å bestemme om den foreslåtte forandring bør finne sted eller ei. Dog må en slik forandring aldri motsi denne Grunnlovs prinsipper, men bare angå slike modifikasjoner i enkelte bestemmelser som ikke forandrer denne konstitusjons ånd, og to tredjedeler av Stortinget bør være enige i en slik forandring.

En således vedtatt grunnlovsbestemmelse underskrives av Stortingets president og sekretær og sendes kongen til kunngjøring ved

Korleis denne grunnsetninga skal gjennomførast, og kva unntak ho skal ha, blir fastsett i lov.

§ 120

Forma og fargane på det norske flagget blir fastsette i lov.

§ 120 a

Noregs Bank er sentralbanken i landet.

§ 121

Viser røynsla at nokon del av denne grunnlova for Kongeriket Noreg bør endrast, skal framlegget om endring leggjast fram på det fyrste, andre eller tredje stortinget etter eit nytt val og kunngjerast på prent. Men det er fyrst det fyrste, andre eller tredje stortinget etter neste val som avgjer om endringa skal gjerast eller ikkje. Ei slik endring må likevel aldri stri mot prinsippa i denne grunnlova, men berre gjelde modifikasjonar i einskilde føresegner som ikkje endrar ånda i denne konstitusjonen, og to tredjedelar av Stortinget må vere samde i ei slik endring.

Ei grunnlovsføresegn som er vedteken på denne måten, skal underskrivast av Stortingets president og sekretær og sendast til kongen til kunngjering på prent som gjeldan-

trykken som gjeldende bestemmelse i kongeriket Norges Grunnlov.

de føresegn i Kongeriket Noregs grunnlov.

Enkelt stikkordregister til Grunnlova

Arbeid, retten til § 110
Arrest § 66

Borns rettar § 104

Diplomatiet §§ 22, 26, 62
Diplomatiske saker §§ 30, 75 f–g
Distriktsrepresentantar §§ 57, 59
Dødsstraff § 93

Ekspropriasjon § 105
Embetsmenn
  aldersgrense § 22
  avskil § 22
  løn og pensjon §§ 22, 75 i
  utnemning §§ 21, 23, 28

Flagget § 120
Forskjellsbehandling § 98
Framstilling for domstol § 94
Fridom til å ferdast fritt § 106
Føremål med Grunnlova § 2

Geistlege § 116
Grunnlovsframlegg §§ 73, 121

Hoffet § 24
Høgsterett
  dom er endeleg §§ 88
  dommarane §§ 62, 86, 88
  samankalling av Stortinget § 46
  stilling i Riksretten §§ 86
  utgreiing til Stortinget § 83

Innfødsretten § 114, a–c
Innsynsrett § 100
Internasjonale samskipnader §§ 26, 115

Kongen
  gjev nåde til forbrytarar § 20
  gjev provisoriske lover § 17
  har den utøvande makta § 3
  inngår traktatar §§ 26, 75 g
  kallar saman Stortinget § 69
  kan føreslå lover § 76
  kontrasignering av avgjerder § 31
  kunngjer grunnlovsvedtak § 121
  lèt krevje inn skattar og avgifter § 18
  opnar Stortinget § 74
  sanksjonerer lover §§ 77-81
  ser til at statseigedom blir nytta rett § 19
  vel embetsmenn og gjev dei avskil §§ 21-22
  vel rådet sitt § 12
Kongens
  ansvar § 5
  apanasje § 75 e
  eid til konstitusjonen § 9
  etterfølgjar §§ 7, 39
  kunngjering av ordenar § 23
  militære kommando § 25
  myndige alder § 8
  religion § 4
  rett til anna krone § 11
  umyndige alder §§ 40, 41, 43, 47
Kongens råd (regjeringa)
  ansvar § 5
  departementstenestemenn §§ 22, 62
  kven som kan vere statsråd § 12
  protokoll §§ 30, 75 f
  riksrettsansvar § 86
  styrer riket når kongen ikkje er til stades §§ 13, 32, 41
  talet på vedtaksføre § 27
  tilgjenge til stortingsforhandlingane § 74
Kyrkja, Den norske § 16

Legalitetsprinsipp § 113
Livsopphald § 110
Lov
  framlegg og vedtak §§ 75 a, 76–81
  ingen kan dømmast utan etter lov § 96
  likskap for lova § 98
  lovbehandlinga § 75 a og §§ 76–81
  provisorisk lov må ikkje stri mot formell lov § 17

tilbakeverkande § 97
Lovframlegg, rett til § 76
Lov, provisorisk § 17

Manntalet § 51
Medråderett § 110
Menneskerettar §§ 92–113
Menneskeverd, born § 104
Militære kommandosaker §§ 28, 30, 31
Militær makt mot borgarar § 101
Militærmakta § 25
Miljøvern § 112
Mistillitsvedtak § 15

Naturalisering av framande §§ 75 m, 114 d
Noregs bank § 120 a
Næringsfridomen § 110
Nåde til forbrytarar § 20

Odelsretten § 117
Opplysningsplikta til regjeringa § 82
Opplæring, retten til § 109
Opprør § 101
Ordenar § 23
Oreigning § 105

Pensjon §§ 22, 75 i
Politiske rådgjevarar § 62
Presteskapet § 116
Prinsesser og prinsar §§ 6, 7, 21, 34, 36, 37, 41, 44, 75 h (kronprins §§ 34, 41, 44 og 45)
Privatliv § 102
Provisoriske lover § 17
Pågriping § 66

Regjeringa – sjå Kongens råd
Religion (sjå også Kyrkja)
kongens § 4
religionsutøving § 16
trus- og livssynssamfunn § 16
Riksrett
nåde i riksrettssaker § 20
organisasjon §§ 86–87
tiltale §§ 30, 86
Riksrevisjonen § 75 k

Røysterett § 50
strid om – § 55
tap av – § 53
Samar § 108
Sekretærar i Stortinget § 73
Sensur § 100
Sentralbanken § 33
Sivilombodsmannen § 75 l
Skattar, fastsetje § 75 a
Skuld, uskuldspresumsjon § 96
Slaveri § 93
Soldatar §§ 25, 119
Statsborgar
har røysterett § 50
kan bli embetsmann § 114
kan veljast til statsråd § 12
må verne om landet sitt § 119
Statsråd – sjå Kongens råd
Statssekretærar § 62

Stortinget
avgjerder til valstyret kan klagast inn for § 55
avslutting § 80
fastset skattar og avgifter § 75 a
forretningsorden § 66
fører oppsyn med pengestellet § 75 c
får førelagt protokollane frå statsrådet og offentlege meldingar § 75 f
får melding om traktatar § 26, 75 g
gjer grunnlovsendringar § 121
gjev lover og opphevar lover § 75 a
gjev løyve til å ta opp lån § 75 b
kan hente inn utgreiing frå Høgsterett § 83
kan krevje at nokon møter for seg i statssaker § 75 h
kan samtykkje i tilslutning til internasjonale samskipnader § 115
konstituering § 74
kunngjering av forhandlingane § 84
løyver det som trengst til statsutgiftene §§ 75 d–e
må samtykkje før dei kongelege tek imot ei anna krone § 11, 36
må samtykkje før endringar av den militære beredskapen § 25

naturaliserer framande §§ 75 m, 114 d
reiser sak for Riksretten § 86
reviderer mellombels lønslister § 75 i
samankalling §§ 39, 46, 68, 69
skipling § 85
utnemner fem revisorar til å gå gjennom statsrekneskapane § 75 k
utnemner Stortingets ombodsmann for forvaltninga § 75 l
vel etterfølgjaren til kongen §§ 7, 48
vel formyndarar for den umyndige kongen § 43
vurderer fullmaktene til representantane § 64
Stortingets president og visepresidentar § 73
Stortingsrepresentantar
ansvar §§ 66, 68
fullmakter § 64
funksjonstid § 71
godtgjersle § 65
immunitet § 66
sete i statsrådet §§ 12, 62
tal og fordeling § 57
val av §§ 50–64

Tap av fridom § 94
Toll §§ 17, 75 a
Tortur § 93
Traktatar §§ 26, 75 g, 115
Trontalen § 74

Uavhengige domstolar § 95
Utdanning, retten til § 109
Utjamningsmandat §§ 58, 59

Valdistrikt § 57
Verneplikta § 119

Ytringsfridom § 100

Åsetesretten § 117

Lov 5. februar 1932 nr. 1 om ansvar for handlinger som påtales ved Riksrett

Kapitel 1.

Almindelige bestemmelser

§ 1.

Denne lov får anvendelse på handlinger som påtales ved Riksrett.

Forsåvidt ikke annet følger av denne lov, gjelder bestemmelsene om straff og erstatning i lovgivningen for øvrig ved siden av denne lov, når Statsrådets, Høyesteretts eller Stortingets medlemmer har brutt sine konstitusjonelle plikter.

§ 2.

(Opphevet ved lov 30 mars 2007 nr. 13.)

§ 3.

For ethvert straffbart forhold som påtales ved Riksrett kan tap av offentlig tjeneste idømmes istedenfor eller som tillegg til den straff som ellers er bestemt.

Som tillegg til den straff som ellers idømmes, kan tap av stemmerett i offentlige anliggender og av adgang til å oppnå offentlig tjeneste idømmes for det tidsrom som retten bestemmer.

§ 4.

Bestemmelsene i denne lovs 2net og 3dje kapittel kommer også til anvendelse på den handling som er forøvet av uaktsomhet, såfremt det ikke uttrykkelig er bestemt at bare den forsettlige handling er straffbar.

§ 5.

Bestemmelsene om foreldelse i den almindelige borgerlige straffelovs 6te kapitel kommer til anvendelse på handlinger som påtales ved Riksrett, dog således at foreldelsesfristen for adgangen til å reise straffesak eller avsi straffedom ikke i noget tilfelle er kortere enn 15 år.

Foreldelsens løp avbrytes ved beslutningen om tiltale, eller ved særskilt beslutning av Stortinget om å iverksette undersøkelser såfremt beslutning om tiltale derefter blir fattet innen 1 år.

§ 6.

(Opphevet ved lov 30 mars 2007 nr. 13.)

§ 7.

For handling som påtales ved Riksrett kan den ansvarlige tilpliktes å betale erstatning for den skade som er voldt.

Kapitel 2.

Særlige bestemmelser om straffansvar for medlemmer av Statsrådet og Stortinget

§ 8.

Med bøter eller med hefte eller fengsel inntil 5 år straffes det medlem av Statsrådet som ved handling eller undlatelse bevirker eller medvirker til

a) at noget som krever beslutning av Stortinget blir foretatt uten Stortingets samtykke;
b) at en beslutning av Stortinget ikke blir gjennemført, eller at en handling blir foretatt i strid med en stortingsbeslutning;
c) at protokoller, dokumenter eller oplysninger som skal meddeles Stortinget blir tilbakeholdt, eller at statens regnskaper ikke blir tilstillet Statsrevisjonen således som bestemt i Grunnlovens § 75 bokstav k.

§ 9.

Undlater noget medlem av Statsrådet under behandlingen av en sak å gi oplysninger som har betydning for saken, eller gir han uriktige oplysninger, straffes han med bøter eller med fengsel inntil 5 år.

Det medlem av statsrådet som misligholder sin opplysningsplikt overfor Stortinget, straffes med bøter eller med fengsel inntil 5 år.

§ 10.

Med bøter eller med fengsel inntil 2 år straffes det medlem av Statsrådet som bevirker eller medvirker til at statens eiendommer eller øvrige midler ikke blir forsvarlig anvendt, eller bestyrt, eller som på annen måte viser uforstand eller forsømmelighet i sin virksomhet.

§ 11.

Den der som medlem av Statsrådet på annen måte enn nevnt i denne lovs øvrige bestemmelser ved handling eller undlatelse bevirker eller medvirker til noget som er stridende mot Grunnloven eller rikets lover, straffes med bøter eller med fengsel inntil 10 år.

Med samme straff straffes de medlemmer av Statsrådet, som forsømmer den dem med hensyn til innkallelse av Stortinget ved Grunnlovens § 39 påliggende plikt.

§ 12.

Det medlem av Stortinget som uten gyldig forfall undlater å møte på Stortinget når dette trer sammen, straffes med bøter. På samme måte straffes den representant som uten gyldig grunn forsettlig unddrar sig fra å delta i Stortingets forhandlinger eller som ikke retter sig efter Stortingets forretningsorden.

§ 13.

Undlater noget medlem av Stortinget å gi oplysninger som han plikter å meddele Stortinget, eller gir han uriktige oplysninger, straffes han med bøter eller med fengsel inntil 5 år.

§ 14.

Gjør noget medlem av Statsrådet eller av Stortinget sig skyldig i sådan forbrydelse som nevnt i den almindelige borgerlige straffelovs § 121, straffes han med bøter eller med hefte eller fengsel inntil 5 år.

§ 15.

Det medlem av statsrådet som ikke innleverer sin søknad om avskjed i samsvar med Grunnlovens § 15 første ledd, straffes med tap av embetet og bøter eller fengsel inntil 10 år.

På samme måte straffes det medlem av statsrådet som, etter at Stortinget har truffet beslutning om mistillit, overskrider sin bemyndigelse ifølge Grunnlovens § 15 tredje ledd.

Kapitel 3.

Særlige bestemmelser om straffansvar for medlemmer av Høiesterett og Riksretten

§ 16.

De medlemmer av Høiesterett, som forsømmer den dem med hensyn til innkallelse av Stortinget ved Grunnlovens § 46 påliggende plikt, straffes med bøter eller med hefte eller fengsel inntil 10 år forsåvidt ikke nogen strengere straffebestemmelse kommer til anvendelse på forholdet.

§ 17.

Det medlem av Høiesterett, som

a. meddeler nogen part råd eller veiledning i en sak som står for Høiesterett eller kan komme inn for Høiesterett,
b. eller i nogen betenkning, eller innstilling medvirker til noget som er stridende mot Grunnloven,
c. eller i sin embedsgjerning for øvrig ved handling eller undlatelse bevirker eller medvirker til noget som er stridende mot Grunnlov eller lovgivning,

straffes med bøter eller med hefte eller fengsel inntil 10 år.

Denne bestemmelse gjelder tilsvarende når et medlem av Høyesterett er medlem av Riksretten.

§ 18.

(Opphevet ved lov 30 mars 2007 nr. 13.)

Kapitel 4.
Lovens ikrafttreden

§ 19.

Denne lov trer i kraft straks.

Reglement for kontrollhøyringar

(Vedteke av Stortinget 11. juni 2001, gjeld frå 1. januar 2002)
(Sist endra 1. oktober 2022)

§ 1

Verkeområde og føremål

(1) Dei høyringane som komiteane held i kontrollsaker, skal følgje § 27 i forretningsordenen for Stortinget og dette reglementet. Med kontrollsaker er meint alle saker som kontroll- og konstitusjonskomiteen behandlar, bortsett frå saker som gjeld grunnlovsendringar, løyvingar og vallovgjeving. I dei andre komiteane gjeld reglane om kontrollhøyringar når føremålet med den opne høyringa er å klarleggje eller vurdere ein tidlegare faktisk hendingsgang. Alle komiteane kan vedta å halde også andre høyringar etter reglane for kontrollhøyringar.

(2) Føremålet med reglementet er å sikre at Stortinget får den informasjonen det treng i kontrollsaker, og ei god framdrift i høyringa. Samstundes skal reglementet tryggje rettstryggleiken til dei inviterte.

§ 2

Førebuing av høyringa

Før høyringa held komiteen eit særskilt saksførebuande møte. Komiteen bør gå gjennom dei problemstillingane som ein ønskjer å kaste lys over, med sikte på å gjere utspørjinga så effektiv som råd. Vidare skal det fastsetjast eit program for høyringa.

§ 3

Vilkåra for den inviterte

(1) Den som blir beden om å møte til kontrollhøyring, skal varslast i så god tid som råd. I invitasjonen skal det stå kva for ei sak eller kva for saker komiteen ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglementet skal leggjast ved. Den som møter, skal ha tilgang til dei saksdokumenta som komiteen får, dersom ikkje reglane om teieplikt tilseier noko anna.

(2) Dei inviterte møter frivillig, og dei avgjer sjølve om dei vil svare på spørsmåla frå komiteen. Dersom dei ikkje kan svare på eit spørsmål utan å gjere kjent opplysningar som kjem inn under reglane om teieplikt, skal den inviterte gjere komiteen merksam på det. I så fall kan komiteen berre ta imot forklaring for stengde dører. Dersom spørsmål om stengde dører kjem opp under høyringa, skal komiteen avbryte høyringa og drøfte spørsmålet i lukka møte.

(3) Ein invitert skal ha høve til å ta med seg ein rådgjevar. Ein kan ta med fleire rådgjevarar dersom komiteen ikkje set seg imot det. Den inviterte har rett til å rådføre seg med rådgjevaren sin før han eller ho svarer. Dersom møteleiaren gjev høve til det, kan rådgjevaren supplere forklaringa.

§ 4

Gjennomføringa av kontrollhøyringa

(1) Møteleiaren skal først orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrane som gjeld. Møteleiaren har ansvaret for å fordele ordet mellom komitémedlemene og for at høyringa blir gjennomført etter § 27 i forretningsordenen og etter dette reglementet. Møteleiaren skal sjå til at spørsmåla blir haldne innanfor det oppsette temaet, og at den inviterte har den rettstryggleiken han eller ho har krav på.

(2) Før komiteen byrjar med utspørjinga, skal den inviterte få opptil ti minutt til å gje sin versjon av saka. Når utspørjinga er over, skal den inviterte få opptil fem minutt til ei oppsummering av saka. Møteleiaren kan utvide taletida for den inviterte så langt det ser ut til å vere nødvendig for å få opplysning i saka.

(3) Høyringa tek til med at saksordføraren stiller sine spørsmål, og deretter får dei andre komitémedlemene ordet i den rekkjefølgja som er vanleg i debattane i Stortinget.

(4) Møteleiaren kan opne for korte og direkte oppfølgjande spørsmål frå dei andre komitémedlemene i ein kort, avsluttande spørjerunde.

(5) I høyringa skal det ikkje vere meiningsutveksling mellom komitémedlemene. Medlemene skal heller ikkje kommentere svara, anna enn der det høyrer med som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Uhøvisk eller krenkjande åtferd eller spørsmål er ikkje tillate. Det skal møteleiaren påtale.

(6) Etter § 27 femte ledd i forretningsordenen kan ein komitémedlem krevje at høyringa blir avbroten, slik at komiteen kan drøfte den vidare framdrifta, medrekna framlegg om å avslutte høyringa eller halde fram bak stengde dører. Komiteen kan berre ta imot opplysningar som kjem inn under reglane om teieplikt, bak stengde dører. I ei open høyring må komitémedlemene ikkje bruke eller vise til opplysningar som det etter lov eller instruks gjeld teieplikt for.

§ 5

Høyring av embets- og tenestemenn

(1) Komiteen kan oppmode embets- og tenestemenn om å møte til høyring. Dersom det gjeld tilsette i eit departement, skal oppmodinga rettast til den ansvarlege statsråden, som då har høve til å vere til stades under høyringa. Alle spørsmåla blir stilte til statsråden, som vel kven som skal svare.

(2) Embets- og tenestemenn i dei ytre etatane kan ein be direkte om å møte til høyring. I slike tilfelle skal den ansvarlege statsråden varslast og få høve til å vere til stades. Spørsmål stiller ein direkte til den inviterte, men statsråden skal få høve til å supplere forklaringa.

(3) I utspørjing av embets- og tenestemenn pliktar komiteen å ta omsyn til dei lojalitetsbindingar mellom embetsverk og statsråd som finst i forvaltinga. Møteleiaren skal sjå til at dette blir respektert.

§ 6

Lukka kontrollhøyringar

(1) Ved lukka kontrollhøyringar gjeld Stortingets forretningsorden §§ 75, 75 a og § 75 b.

(2) Alle som er til stades, blir pålagde teieplikt om opplysningar dei blir kjende med under ei lukka høyring.

(3) Det offentlege og pressa har ikkje høve til å vere til stades under lukka høyringar.

(4) Tilsette i gruppesekretariata med tilgang til gradert informasjon etter Stortingets forretningsorden § 75 b, kan få løyve av komiteen til å vere til stades under høyringar om saka.

(5) Personar som er inviterte til høyringa, kan få løyve av komiteen til å vere til stades under forklaringa til andre relevante inviterte.

Utgjevar: Stortingets administrasjon, konstitusjonell avdeling
Trykk: grafisk seksjon Stortinget
ID: 26-022
ISBN: 978-82-8196-277-4 (trykt utgåve)
ISBN: 978-82-8196-278-1 (elektronisk utgåve)

